



## Møtereferat

Dato: 25.03.2015

|             |  |                         |
|-------------|--|-------------------------|
| Emne:       | <b>Referat frå regionalt planforum 24.03.2015 KPA Austrheim</b>  |                         |
| Til stades: | Austrheim kommune: Helge Dyrkolbotn (Varaordfører), Jan Olav Osen (Rådmann), Rolf M. Raknes (kommuneplanleggjar)<br>Fiskeridirektoratet region vest: Ola Midttun<br>Statens Vegvesen: Kari Elster Moen<br>Hordaland fylkeskommune: Marit Rødseth (plansjef), Hanne Vie (plan), Vibeke Lokøy (akvakultur), Kjetil Sigvaldsen (samferdsel), Else-Marie Aarø (folkehelse)<br>Fylkesmannen i Hordaland: Grete Riise, Hege Hellesøe |                         |
| Forfall:    |  | Sak: 2014/13624-59      |
| Møtetid:    | 24.03.2015   | Møtestad: Sunnhordaland |

**Møteleiar: Marit Rødseth**

**Referent: Hanne Vie**

Marit Rødseth ynskte velkommen og gav ordet til kommuneplanleggjar i Austrheim kommune Rolf M. Raknes som gav ein presentasjon av arbeidet med kommuneplanens arealdel.

### 1) Presentasjon, Austrheim Kommune

Austrheim kommune var i planforum den 17.juni 2014 med kommuneplanens samfunnsdel og områdeplan for Nordre Fønnesvågen. Samfunnsdelen vart vedtatt 4.februar 2015 og gjev forutsetningane for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel. Arbeidet med arealdelen i gong og kommunen er per mars 2015 i prosess med vurdering av innspel og konsekvensutgreiing. Kommunen legg opp til ein open prosess der ein nyttar GIS- verktøy.

Hovudfokuset med rulleringa er å sjå på arealbruken i strandsona, men nye innspel på land vert også vurdert. Viktige tema som arealdelen ynskjer å sjå på er mellom anna:

- Korleis ein kan få til bustadbygging i eksisterande bustadareal.
- Korleis ein kan koble arealdelen opp mot eksisterande og framtidige planar for infrastruktur
- Korleis ein kan knytte arealdelen opp mot samfunnsutviklingsprosjektet «Austrheim heile livet»
- Forbedring av kommunen sin ROS
- Strandsoneproblematikk

Utdjupande presentasjon av utvalde tema:

- Strandsona: Austrheim kommune har i dag utfordringar med spredt naustbygging. Kommuneplanen vert difor eit viktig verktøy for å forvalte områda slik at ein sikrar innbyggjarane tilkomst til sjø. Det er planar om å leggje inn ein funksjoell strandsone/ byggjegrænse i plankartet slik at ein kan forvalte strandsona på ein god måte.
- Bustad: Kommunen har i dag ledige bustadareal, men problem med å få sett igong bustadbygging i desse areala. Dette kan ha samband med at areala er plassert der det er dårleg tilkomst til sjø.

- Massehandtering: Bygginga av oljerørledning frå Johan Sverdrup feltet gjev overskotsmassar for stein. Plasseringa av desse massane gjer det naudsynt å flytte jordmassar til andre stader i kommunen. I arbeidet med kommuneplanens arealdel vert det naudsynt å finne passande areal for jorddeponi.
- Næringsareal: I planarbeidet er det innspel om å regulere arealet Øksnesmarka frå Industri til LNF. Kommunen ynskjer å få innspel på arealbruken i området.
- LNF spredt/ LNF eksisterande: Korleis kan ein opne opp for nye bustader i LNF spredt der det allereie er eksisterande busetnad?

## 2) Innspel

### Arealbruk:

- Positive signal om å regulere industriområdet ved Øksnesmarka til LNF.
- Nye bustader i LNF eksisterande/ LNF spredt kan løysast gjennom føresegnene.
- Ein kan regulere områda til jorddeponi og gje føresegner dersom ein ynskjer at arealbruken skal vere midlertidig. Det er kun ved større deponi at det er naudsynt å syne arealet til jorddeponi i kommuneplanen. Det er viktig å sikre trafikksikre løysingar i anleggsfasen.
- For å sikre folkehelse må ein sikre dei grønne nærområda, universell utforming og gangveggar. Det er viktig å leggje til rette for mangfaldige aktivitetar i strandsona som til dømes badeplassar, mogelegheita for å fiske frå land, tilkomst for alle, leikeområder og samlingsplassar.
- Ved flytting av motorkrossbane må ein ha omsyn til støyproblematikken.
- Tilkomst til sjø er knytt til arealbruk på land med til dømes parkeringsplassar og vegtilkomst. Dette er viktig å vurdere når ein forvaltar strandsona.
- Det er positivt at kommunen arbeider med kulturminneplan. Dokumentet er nyttig i arbeidet med kommuneplanen. Det er ny vegleder for kulturminne frå Riksantikvaren, som kan være nyttig i arbeidet med kosekvensutgreiinga.
- Det er positivt at ein har fokus på trafikksikring, gang-og sykkelveggar.
- Det er naudsynt med retningslinjer for akvakultur/ fortøyingar. Ein bør implementere planane for Fensfjorden i planarbeidet

**Dokument/ disposisjon:**

- Ein bør ha med ein vurdering av gjeldande reguleringsplaner i planframlegget.
- Positivt at ein har nytta GIS i planarbeidet. Det er positivt dersom ein kan følgje dette opp i det vidare arbeidet.
- Tilråding om tydelege skilje mellom konsekvensutgreiinga, føresegnene, plankart og planskildringa. Konsekvensutgreiinga og ROS kan godt være i same dokument. Tema planskildringa bør være oversiktlege og tydelege.
- Tema i kap 3 i disposisjonen er særst viktige og ein bør fremje dette kapittelet i dokumentet.